Årsrapport for Forsking, utviklingsarbeid og formidling ved

HSH - 2004

1. Utvikling i tal personar og kandidatar i doktorgradsprogram

Høgskolen har hatt ein markant auke i talet på personar i doktorgradsstudium. 10 personar vart i løpet av 2004 tilsette i stilling som stipendiatar innan områda: sjukepleievitskap (5), didaktikk (4) og regionalvitskap (1). To stillingar innan sikkerhet (teknisk og organisatorisk sikkerhet), forventast besette våren 2005.

Ein tilsett har disputert for graden dr.oecon i løpet av kalenderåret. Tre avhandlingar er i løpet av hausten 2004 levert kommisjon for vurdering. Ein reknar med at desse disputerar innan utgongen av vårsemesteret 2005.

Av stipendiatar har 4 inngått doktorgradsavtale i 2004. Resterande stipendiatar forventast å inngå doktorgradsavtale i 2005.

Det er etablert eit doktorstudentregister ved høgskolen. Denne gjer oversyn over personar i doktorgradsprogram, og angir tidsseriedata knytt til starttidspunkt for utdanning, når tatt opp til organisert program, forventa slutt, og status progresjon. Samla tal frå registeret dannar grunnlaget for talmaterialet i dei tabellane som følgjer.

1.1. Rapport 2004

Talet på nye doktorgradsavtalar

Av tilsette ved høgskulen har 4 personar inngått ny doktorgradsavtale i 2004. Alle høyrer til forskingsfeltet sjukepleievitskap/psykiatri.

Nye doktorgradsavtaler, heile 2004

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs Forskingsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
HELSEFAG.	4	4				
Totalt	4	4				

Talet på registrerte personar i organisert forskarutdanning (doktorgradsprogram)

Av tilsette ved høgskolen aktive i organisert doktorgradsprogram, er alle med to unnatak finansiert gjennom departementets grunnbevilging. Me har for tida ein og ein halv stipendiat eksternt finansiert via Rogaland Fylkeskommune. Den eine for tida i halv permisjon frå stillinga som stipendiat. I oversynet er tekne med aktive personar i doktorgradsarbeid uavhengig av tidsbruk, stillingskategori og finansieringskjelde. Totalt fordelar dette seg slik:

Helsefag 4 personar, Samfunnsvitskap 2 personar, Realfag 4 personar, Sivil-/Sosialøkonomi 2 personar, Maritime fag 1 ½ person, Musikk 1 person, og Teknologiske fag 1 person.

Alle doktorgradsavtaler, haust 2004

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs Forskingsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
HELSEFAG	4	4				
SAMVIT	2					
REALFAG	4					
SIVOK	2	2				
MAR					1,5	0,5
MUSIKK	1					
TEKNOLOGI	1					
Totalt	**14**	**6**			**1,5**	**0,5**

Personar tilsette som stipendiatar

Per 01.10.2004 har høgskulen i alt 11 stipendiatar. Desse er fordelte slik: 5 stipendiatar innan sjukepleievitskap, 3 stipendiatar innan didaktikk, 2 stipendiatar innan sikkerhet, og 1 stipendiat innan regionalvitskap. 4 stipendiatstillingar var per 01.10. ikkje besette. Me gjer rekning med at desse vert besette innan utgongen av første halvår 2005.

Me gjer merksam på at 5 av stipendiatane tilsette per 01.10, enno ikkje er registrerte som aktive studentar i organisert doktorgradsprogram (manglar doktorgradsavtale). Følgjeleg er desse ikkje rekna med i tabell 2.2. Av desse er 1 stipendiatar eksternt finansiert.

Årsverk i stipendiatstillinger, høst 2004

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder		Totalt antall årsverk	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
HELSEFAG	5	5					5	5
SIVOK	1	1					1	1
MAR					1,5		1,5	0,5
ALU	3	2					3	2
Totalt	9	8			1,5		10,5	8,5

Talet på avlagte doktorgrader

Av tilsette med arbeidsplass på høgskulen har ein person avlagt doktorgrad i 2004. Dette var 16. juni, med doktorgrad innan organisasjon og leiing knytt til NHH.

Avlagte doktorgrader, hele 2004

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges Forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kilder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SIVOK	1					
Totalt	1					

Gjennomstrømming i doktorgradsutdanninga ved universitet og høgskolar

Uteksaminert doktorgradskandidat HSH var tilsett i full stilling som høgskulelektor ved tidspunkt for disputas. Vedkommande var nyleg tilsett, og omregna i årsverk knytt til forskerutdanning ved HSH vert dette 0,3.

Gjennomstrømming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansiert over institusjonens grunnbudsjett, hele 2004

Studium (DBH-kategorier)	Antall avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, **brutto**		Gjennomsnitt årsverk, **netto**		Antall avbrutte doktorgradsavtaler	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SIVOK	1		0,3		0,3			
Totalt	1		0,3		0,3			

Ingen kandidatar i 2004 tilsette ved HSH og finansiert over NFR vart uteksaminerte i løpet av 2004. Grunnlaget for tabellopplysingane (tabell 2.5) fell såleis bort.

Ingen kandidatar i 2004 tilsette ved HSH finansiert over andre eksterne kjelder vart uteksaminerte i løpet av 2004. Grunnlaget for tabellopplysingane (tabell 2.6) fell såleis bort.

1.2. Planar for 2005 og 2006

Me forventar ein auke i talet på doktorgradskandidatar til disputering både i 2005 og i 2006 samanlikna med 2004. I 2005 er tre avhandlingar allereie er levert for kommisjonsvurdering. Me har god von om at alle desse tre disputerar innan utgongen av våren 2005. Me har og god von om at ytterlegare kandidatar også vil disputere i løpet av året (2 personar), men då mot slutten av hausten 2005.

For 2006 forventar me ein utflating av talet på kandidatar, og nok ein mindre reduksjon sett ut i frå forventa tal for 2005. At talet på stipendiatar i 2004 har hatt ein signifikant auke kan gje ein positiv effekt allereie i 2006, men for dei fleste av desse vil dette vera for tidleg. Me reknar likevel med ein årleg gjennomstrømming på minimum 2 kandidatar.

Talet på nye aktive stipendiatar vil i 2005 få ein auke med 4 sett i lys av tala som er gitt for 2004 (per 01.10).

Av interne tiltak retta inn mot betring av gjennomstrømming og fullføringsgrad, vil me leggja større vekt på individuell oppfølging av den einskilde stipendiat. Etablere interne rapporteringsrutinar med stipendiatane. Etablere tettare kontakt med høgskole, rettleiarar og doktorgradsprogram-koordinatorane. Stimulere til at stipendiatnettverk etablerast.

2 Strategiske prioriteringar

2.1. Rapport 2004

Doktorgradsstipend

Høgskolen har i ei årrekkje utmerka seg med omsyn på FoU innan IKT i læring. For å utvikle fagfeltet vidare vart det i løpet av 2004 tilsett 4 stipendiatar innan dette området. Eit kriterium ved tilsetting var å integrere bruken av IKT i undervisningsarbeidet i fleire av undervisningsfaga ved høgskulen. Dette medførte at 2 av stipendiatane vart rekrutterte frå faga geografi/samfunnsfag og norsk, og 2 rekrutterte frå IKT i Læring/pedagogikk.

På bakgrunn av eit ønskje om å styrka eit allereie sterkt fagmiljø innan regionalvitskap er det tilsett ein stipendiat innan dette fagfeltet.

Høgskolen har ei av landets største sjukepleiarutdanningar. Samtidig er det få tilsette med førstekompetanse innan helsefag ved høgskolen. I løpet av 2004 er det tilsett 5 stipendiatar for å styrke FoU-aktiviteten innan helsefag. Ytterlegare ein stipendiat er tilsett, men vedkommande vil tiltre først i august 2005. Desse grupperar seg innan områda psykiatri/ miljøterapi, meistring eller feminisme.

Høgskolen har vedtatt ei fagleg satsing fram mot mastergradsutdanning innan sikkerhetsfag med førebels arbeidstittel ”Sikkerhetsleiing” der risikoanalysar vil stå sentralt. Høgskolen har tilsette på professor- og førstenivå innan relevante støttefag (leiing, økonomi, brannsikkerhet, miljø, etc), men treng styrking av sentrale element i fagfeltet for det planlagde masterstudiet. 2 stipendiatstillingar lyste ut i 2004 vart ikkje besette. Etter 2. gongs utlysing hausten 2004 reknar ein med at stillingane vert besette i løpet av våren 2005.

Førstelektorprogram

På trass av mykje FoU-verksemd har høgskolen få førstelektorar. Høgskolen har derfor i løpet av 2004 satt i verk eit førstelektorprogram. I alt 21 deltakarar er tekne opp i programmet. Desse fordelar seg mellom erfarne høgskolelektorar som relativt tidleg får vurdert sin kompetanse i forhold til opprykk til førstelektor, og til dei med meir avgrensa FoU-erfaring. For desse ser høgskolen for seg eit meir langsiktig program fram mot opprykk til førstelektor.

Programmet er individuelt tilpassa og brukt strategisk for oppbygging av kompetanse som er nyttig for høgskolens totale aktivitet, i vid forstand, og spennande for den enkelte tilsette. I den grad det er målretta for den einskilde, oppmodas deltakarane til å etablere FoU-grupper.

Professorer

Høgskolen har for tida to professorar i full stilling og to tilsette i Prof II-stillingar. Det vert arbeidd også med å få tilsett i eit ledig professorat i sikkerhetsledelse. Utover dette er det ved høgskolen enkelte andre tilsette med ein betydeleg internasjonal FoU-aktivitet. Det vert arbeidd med mulige løysingar for interne "seniorforskerstipend" eller liknande for å leggje til rette for betra forskingsmulighet for denne gruppa tilsette.

Kvalifisering

Ved høgskolen er det grupper og personar som utmerkar seg med omsyn på forsking i viktige fagfelt innan satsingsområda og på eit nivå etter doktorgrad. Kvalifiseringsstipend vart tildelt i alt 4 personar; 2 innan IKT i Læring, 1 innan Regionalvitskap, og ein innan fysikk- og sikkerhetsteknikk. I alt 2 årsverk.

Forskarmobilitet

Det er lagt vekt på at faglege tilsette får høve til å vidareutvikle sin kompetanse med arbeide i fremmedspråklege situasjonar. Det er i løpet av 2004 tildelt reisestipend til i alt 11 faglege tilsette som i søknad har vist at dei vil utvikla sin fremmedspråklege kompetanse ved etablering av faglege og forskingsmessige kontaktar og nettverk i utlandet.

Utviklingsprosjekt

Tilsette ved høgskulen vert i aukande grad oppmoda å finne eksterne finansieringskjelder til full- eller delfinansiering av sine FoU-prosjekt. Høgskulen delfinansierar slike prosjekt så fremt dei har vore vurdert som støtteverdige.

Den strategiske satsinga på kompetanse blir ivaretatt gjennom disponering av stipendmidler - også utover departementets øyremerka tildeling. Likeså gjennom delfinansieringa av førstelektorsatsinga ved sentrale stimuleringsmidlar .

Ei meir formalisert søknads- og rapporteringsprosedyre også for tildeling av avdelinganes eigne FoU-midlar har gjort det lettare å styra FoU-aktiviteten mot dei definerte satsingsområda.

Organiseringa på avdelingsnivå der dekanane har ansvar for kompetanse/FoU medan studieansvaret er lagt til studieansvarlege, er også eit organisatorisk verkemiddel for å styrka leiinga av FoU-verksemda.

Retningslinjene for den langsiktige strategien for forskinga kjem fram gjennom Strategiplan 2004-2012, og Handlingsplan for Forsking og Utvikling med særskilde satsingar for 2005. Handlingsplanen for Forsking og Utvikling 2005 tek for seg dei felt høgskulen ser det som mest vesentleg å satsa i næraste framtid.

Det nye satsingsområdet "maritim næring" inneber eit nært samarbeid med den store maritime næringssektoren i vår region med eit prosjektorganisert utviklingsarbeid der også behov for og utvikling av maritimt orienterte FoU-prosjekt står sentralt.

2.2. Planer for 2005 og 2006

Retningslinjene for den langsiktige strategien for forskinga kjem fram gjennom Strategiplan 2004-2012, og Handlingsplan for Forsking og Utvikling med særskilde satsingar for 2005. Grunnlaget for den vidare utviklinga av FoU-verksemda ved høgskulen vil bygge på: Krav til forskingsdokumentasjon og resultat, utvikling av ein høgare formal FoU-kompetanse, konsentrasjon av FoU-satsinga, Miljøbygging, Team og endringsleiing.

Ein viktig satsing vil være utviklinga av ein FoU-organisasjon, ein høgare formal FoU-kompetanse blant fagpersonalet, etablering av forskarteam – internt og eksternt, og ein spissing og formalisering av satsingsområda for FoU slik dei er definerte i Strategisk Plan.

Desse er: IKT i Læring, Sikkerhet, Helsefag, Maritim næring.

Satsingsområdea skal være hovudsiktemåla for forskinga, og være dei områder som satsast på innan kompetansehevingsprogramma, den forskingsbaserte undervisninga, og der det vurderast som relevant å utvikle nye studietilbod inkludert nye mastergrader. Men andre fagområde der høgskolen har høg kompetanse, og der det er viktige samfunnsmessige behov, skal også prioriterast.

Profesjonsutdanningane står sentralt i høgskolens studieprogram. Høgskolen har eit særskilt ansvar for å vidareutvikle og kvalitetssikre desse utdanningane. Når det gjeld FoU-verksemda innan profesjonsutdanningane, skal denne i hovudsak knyttes til praksisfeltet og innan fagområde som naturlig hører til satsingsområda.

3. Vitskapelege publikasjonar

3.1. Rapport 2004

Me visar her til brev frå departementet datert 17.01, om eigen rapportering av vitskaplege publikasjonar mellom anna via DBH. Frist for dette var sett til 18 mars.

Frå BIBSYS er det i denne samanheng meldt (eigen e-post datert 21.01), at dei vil syte for at "dei 2004-postane som er registrerte innan 15.februar, og som tilfredsstiller krava til vitskapeleg publisering vert merka og avlevert til NSD (dbh-tabellane), for vidare avlevering til UFD. Dette er også stadfeste i eigen tlf. samtale den 15.februar.

Det vert derfor i denne omgong ikkje rapportert ytterlegare om vitskapelege publikasjonar, utover det som kjem fram i tabell under avsnitt 4.7.1., og i vevlenkje i same avsnitt.

3.2. Planer for 2005 og 2006

Krava til den einskilde tilsette til forskingsdokumentasjon og formidling vil auke. Tildeling av FoU-ressursar vil i sterkare grad skje på bakgrunn av tidlegare oppnådde FoU-resultat, og gode og relevante prosjekt. Me ønskjer å stimulere til at FoU-ressursane brukast meir effektivt og målretta. Siktemålet er å etablera eit organisatorisk grunnlag for auka kvantitet og kvalitet i forskingsformidlinga.

4. Forskings- og utviklingsaktivitet

4.1. Rapport 2004

Høgskolen har eit utstrekt samarbeid med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv om FoU. Innan pedagogiske fag blir lokale og regionale skolar nytta som samarbeidspartnarar og praksisfelt for forsking på læring og læringsmetodar. Innan helsefag er det eit utstrekt samarbeid på tilsvarande måte med regionens helseforetak. I økonomisk/administrative fag blir regionens transportnettverk nytta og nye planer vert brukt som case for modellutvikling. Lokale bedrifter, kommunar og helseforetak blir nytta som case i administrativ forsking. Innan ingeniørfag blir lokale bedrifter nytta som samarbeidspartnarar innan industrirelatert FoU.

Av nye prosjekt sett i verk i 2004 er ein avtale mellom HSH og Norsk Gassenter om utvikling av "Studiet gassteknikk, anvendelse og prosjektering – integrasjon av praksis gjennom fleksibel læring". Dette prosjektet er eksternt finansiert gjennom støtte frå NUV, og delfinansiert av høgskolen. Innan musikkfaget er etablert prosjektet "Musikkfaget og datateknologien" (Musikkteknologi). I dette inngår utvikling av modular for internettbasert musikkopplæring, der HSH står for den pedagogiske gjennomføringa. Hovudpartnar i samarbeidet er MUSIT i Bergen.

Av regional strategisk satsing har Høgskulen kjøpt seg inn som medeigar med styrerepresentasjon i inkubatorbedriften Vekst industri Sunnhordland AS. Fokus i deltakinga er korleis HSH kan være ein aktiv systematisk partnar i innovasjonsarbeidet som går føre seg i regionen. Dette integrerar også studentar og kandidatar frå HSH.

Om konkrete prosjekt i samarbeidet mellom profesjonsutdanningane og yrkesfeltet om utvikling av relevant praksisopplæring og meir yrkesretta FoU, vil me særleg nemne HiL–prosjektet ("Helhetlig innovasjon i lærarutdanningane"). Dette prosjektet innan lærarutdanning har 4 hovudmål: 1. Bruk av IKT som integrert del av fag og praksisopplæringa, 2. Integrering av fag og praksis, 3. Tverrfaglege arbeid, 4. Fagleg og pedagogisk utvikling (FOU) og etterutdanning som del av det integrerte opplegget. Prosjektet omfattar store delar av fagleg stab innan lærarutdanningane, og praksisfeltet.

5. Forskingsevalueringar

5.1. Rapport 2004

Det har ikkje vore gjennomført forskingsevaluering av høgskolen i 2004. Initiativ er teken for å utvikle eit kvalitetssystem for FoU i tråd med NOKUT retningsliner. Målsettinga er at eit kvalitetssystem for FoU vil vere klårt i løpet av 2005.

Den dokumenterte samla forskingsaktiviteten ved høgskolen i form av dokumentert FoU-produksjon har ikkje auka auka i 2004. Me vel å forklara dette med at ein stor del av FoU-ressursane no er konsentrert mot kompetansehevingstiltak. Og at det derfor vil ta noko tid før dette manifesterar seg i form av auke i produksjonen av formidling.

5.2. Planer for 2005 og 2006

Initiativ er teken for å utvikle eit kvalitetssystem for FoU i tråd med NOKUT retningsliner. Målsettinga er at kvalitetssystem for FoU skal vere klårt i løpet av 2005. Siktemålet med eit kvalitetssystem for FoU er fleirsidig. Det vesentlege er særleg at omgivnadene, dei organisatoriske, menneskelege og fysiske ressursane, disponerast og leggjast til rette for at kvaliteten på FoU-arbeidet holder høgast mogler mål, og at verksemdsområdet får dei naudsynte stimuli for at produksjon kan auka.

6. Deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt

6.1. Rapport 2004

Menu-Prosjektet, der HSH hadde koordinator rolle, vart offisielt avslutta 31.12.03. Sluttrapporten ble levert 28.02.04.

I 2004 har høgskolen utover dette ikkje hatt aktiv koordinatorrolle i EU-finansierte prosjekt. Høgskolen har hatt inne ein søknad på ”eLearning programme”. Men vart i oktober vart gitt avslag.

Del av fagpersonalet er med i internasjonal redaksjonskomite for fagtidsskrift (JCAL), også medlem i internasjonale programkomitear for konferansar.

6.2. Planer for 2005 og 2006

Høgskolen har nå inne ein søknad til MINERVA (under Sokrates). Eit 'pre-proposal' der svar er lova i løpet av januar. HSH er også med som partnar i 3 - 4 andre søknader frå ulike land.

Via NITOL-gruppa er høgskolen også med på eit eLearning-prosjekt (2004 - 06), men med TISIP ved HiST som koordinator.

Generelt følgjer ein i samarbeid med Stavangerregionens EU-kontor i Brussel med i kva program som har relevante prosjekt for søknad om midlar.

7. Formidling

7.1. Rapport 2004

Institusjon	K1	K2	K3	K4	K5	K6	K7	K1	K2	K3	K4	K5	K6	K7	Sum
HSH, Avdeling Stord	1	0	3	2	4	10	26	0	0	0	0	0	0	0	46
HSH, Avdeling Haugesund	4	1	1	2	2	4	8	0	0	0	1	0	0	0	23

Totalt: **69**

Forklaring til tabellen (kriterie etter gammal ordning):

- K1: Artikler i internasjonale vitenskapelige tidsskrifter med refereeordning (A11 i FORSKPUB).
- K2: Artikler i nasjonale vitenskapelige tidskrifter med refereeordning (A15 i FORSKPUB).
- K3: Faglige bøker og lærebøker (summen av B11, B12, B13, og B14 i FORSKPUB).
- K4: Kapitler i faglige bøker og lærebøker (summen av A21, A22 og A23 i FORSKPUB).
- K5: Andre vitenskapelige rapporter i rapportserie(r) ved institusjonen (C17 i FORSKPUB).
- K6: Andre vitenskapelige rapporter utgitt som selvstendig publikasjon ved annen institusjon, forening, bedrift eller lignende (C18 I FORSKPUB).
- K7: Foredrag ved vitenskapelige konferanser (D11, D12, D13, D14, D15, D16, D21, D22, D23, D24, D25 og D26 i FORSKPUB).
- Mørk skravert del av tabell til venstre viser fast tilsette, medan lys skravert del av tabell til høgre viser tilsette i annan stilling.

Fullstendig dokumentasjon Forskdok HSH 2004:
http://wgate.bibsys.no/forskdok/lister/33000000.W127114

7.2. Planer for 2005 og 2006

Planar for formidling sjåast i samanheng med tilsvarande planar for vitskapeleg publisering., då virkemidlane blir på fleire sett dei same: Krava til den einskilde tilsette til forskingsdokumentasjon og formidling vil auke. Tildeling av FoU-ressursar vil i sterkare grad skje på bakgrunn av tidlegare oppnådde FoU-resultat, og gode og relevante prosjekt. Me ønskjer å stimulere til at FoU-ressursane brukast meir effektivt og målretta. Siktemålet er å etablera eit organisatorisk grunnlag for auka kvantitet og kvalitet i forskingsformidlinga.